



Kvinnherad kommune  
Rosendalsvegen 10  
5470 ROSENDAL

Vår dato: 29.04.2021  
Dykkar dato: 08.01.2021  
Vår ref: 2021/451  
Dykkar ref: 20/2522

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Kåre Træen, 5764 3004

## Kvinnherad kommune – budsjett 2021 og økonomiplan 2021 – 2024

Kvinnherad kommunestyre har i møte 10.12.2020, sak 121/20, handsama og vedteke budsjett 2021 og økonomiplan for 2021 – 2024. Statsforvaltaren har motteke saksdokumenta til orientering.

Kvinnherad kommune er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse, og at det ikkje er budsjettert med uspesifiserte innsparinger. Dette brevet er ei tilbakemelding om korleis Statsforvaltaren vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Som følgje av covid-19 får kommunane ulike utfordringar med økonomien. Våre vurderingar er gjorde med grunnlag i opphavleg budsjett og økonomiplan til kommunen, og vi vil følgje konsekvensane av covid-19 særskilt opp i samband med statlege tiltak som blir sett i verk.

### Oppsummering

*Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Kvinnherad høge inntekter, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, må kommunestyret gjennomføre tiltak og følgje opp eiga målsetjing om å oppnå netto driftsresultat som over tid ligg på 2,75 prosent. Dette bør skje utan at avkastning frå plasseringar av langsiktige finansielle midlar blir nytta til ordinær drift. Med eit slikt resultat kan kommunen sikre den økonomiske handleevna over tid, gjennom å ta vare på sin formue, oppretthalde ein buffer i drifta og ha midlar til eigenfinansiering av investeringar. Det siste er nødvending for å snu ei aukande lånegjeld, og oppnå kommunestyret si målsetjing for lånegjelda.*

### Budsjett 2021

Kommunen budsjetterer med eit negativt netto driftsresultat på 18 mill. kroner, som utgjer -1,4 prosent av driftsinntektene. Det negative resultatet er dekt ved bruk av disposisjonsfond. Etter førebels rekneskap for 2020 var fondet på 187 mill. kroner, eller 13,7 prosent av driftsinntektene.<sup>1</sup> Tilsvarande tal for alle kommunar i landet (ekskl. Oslo) er 11 prosent.

<sup>1</sup> Kostra-tal, førebelse 2020 (kommunar inkl. kommunale føretak (KF), IKS og interkommunale samarbeid)



Inntekt på skatt og formue og rammetilskot (frie inntekter) er til saman budsjettet med 818 mill. kroner. Prognos til KS etter vedtaket til Stortinget om statsbudsjettet og oppdaterte folketal per 01.01.2021, er på 820 mill. kroner. Dette inkluderer 12,9 mill. kroner til dekning av meirutgifter og reduserte inntekter som følgje av koronapandemien.

Av andre sentrale inntekter er det budsjettet med eigedomsskatt 87,6 mill., konsesjonsavgifter 10 mill., gevinst av sal av konsesjonskraft 22,2 mill. og Havbruksfondet 14,5 mill. kroner. Det er til drifta budsjettet med 26,2 mill. kroner i avkastning på plassering av langsiktige finansielle midlar.

Samla netto løvingsramme for tenesteområda (sektorane) er 984 mill. kroner, som nominelt er på same nivå som i 2020.

Kommunen har budsjettet med investeringar i anleggsmiddel for til saman 167,3 mill. kroner. Dette skal finansierast med 54,5 mill. kroner i nye lån og 85,7 mill. kroner frå ubrukte lånemidlar, kompensasjon meirverdiavgift 17 mill., tilskot 4,4 mill. og sal av varige driftsmiddel 5,7 mill. kroner. Av lånefinansieringa gjeld 32 mill. kroner til avgiftsfinansierte VA-anlegg.

Førebels rekneskap for 2020 viser at kommunen har ei brutto langsiktig lånegjeld på 1,768 mrd. kroner, som utgjer 129 prosent av driftsinntektene. Tilsvarande er gjennomsnittet for landet (utan Oslo) 111 prosent.<sup>2</sup>

## Økonomiplan 2021 – 2024

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyrets prioriteringar og løvingar og dei mål og premissar som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen. Sentralt for økonomiplanen er kommunelova sine grunnleggjande krav til økonomiforvaltning om at kommunar skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna blir vareteken over tid.

I økonomiplanperioden blir sum driftsinntekter haldne på same nivå frå 2021 til 2024, medan det er budsjettet med reduksjonar i driftsutgiftene med til saman 58 mill. kroner i denne perioden. Netto finansutgifter aukar frå 55,5 mill. i 2021 til 61,3 mill. kroner i 2024. I dette ligg det budsjettet avkastning frå plasseringar av langsiktige finansielle midlar, mellom 26 og 29 mill. kroner kvart år i perioden. Frå eit negativt netto driftsresultat i 2021, er det budsjettet med positivt resultat i 2022 på 1,3 prosent, 0,3 i 2023 og 2,7 prosent i 2024. Etter bruk av bundne og frie fond i drifta, er det for heile perioden overført 51,7 mill. kroner til eigenfinansiering av investeringar i anleggsmiddel.

I heile økonomiplanperioden 2021 – 2024 er det planlagt investeringar i anleggsmiddel for 788 mill. kroner. Av dette skal 475 mill. kroner bli finansierte med nye lån. Av lånebruka vedkjem 166 mill. kroner avgiftsfinansierte VA-investeringar. Avdrag (ekskl. avdrag på vidare utlån) er budsjettet med 280 mill. kroner for heile perioden.

Brutto langsiktig lånegjeld er ved utgangen av 2024 for kommunekassa berekna til 1,974 mrd. kroner, som vil utgjere 148 prosent av driftsinntektene.

---

<sup>2</sup> Kostra-tal, førebelse 2020 (kommunar inkl. kommunale føretak (KF), IKS og interkommunale samarbeid)



## Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid. Kvinnherad kommunestyre har vedteke følgjande måltal:

- Korrigert likviditetsresultat i prosent av frie inntekter: 1 prosent.
- Renteberande gjeld i prosent av driftsinntekter: 100 prosent.
- Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter: 2,75 prosent.
- Disposisjonsfond i prosent av brutto driftsinntekter: 10 prosent.

I budsjett- og økonomiplan for 2021 – 2024 er måltala i prosent av inntekter berekna til:

	Mål	2021	2022	2023	2024
Netto driftsresultat	2,75 %	- 1,4 %	1,3 %	0,2 %	2,4 %
Disposisjonsfond	10 %	12 %	11,8 %	11,9 %	11,6 %
Renteberande lånegjeld	100 %	124 %	133 %	137 %	132 %
Korr. likviditetsresultat	1,0 %	- 3,5 %	-0,3 %	- 1,9 %	1,1 %

## Statsforvaltaren sine vurderinger

*Samanlikna med eit gjennomsnitt for kommunane i landet har Kvinnherad høge inntekter, også når det blir teke omsyn til utgiftsbehovet for kommunale tenester. Statsforvaltaren meiner at med dette som grunnlag, må kommunestyret gjennomføre tiltak og følgje opp eiga målsetjing om å oppnå netto driftsresultat som over tid ligg på 2,75 prosent. Dette bør skje utan at avkastning frå plasseringar av langsiktige finansielle midlar blir nyitta til ordinær drift. Med eit slikt resultat kan kommunen sikre den økonomiske handleevna over tid, gjennom å ta vare på sin formue, oppretthalde ein buffer i drifta og ha midlar til eigenfinansiering av investeringar. Det siste er nødvendig for å snu ei aukande lånegjeld, og oppnå kommunestyret si målsetjing for lånegjelda.*

Med helsing

Gunnar O. Hæreid  
fung. statsforvaltar

Nils Erling Yndesdal  
kommunaldirektør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*